

Landbruks – og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.	Dokument
Mottatt: 23 NOV 2014	
Saksbeh.	Ark.
Kop.	AVSKR.

Dykkar ref.:
14/1502

Vår ref.:
2014/100001-

Oslo, 26.11.2014

Forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket – høyringsuttale frå Innovasjon Noreg.

Vi viser til brev av 01.10.2014 frå LMD.
Innovasjon Noreg har følgjande kommentarar:

Generelt

Innovasjon Noreg vil innleiingsvis gje ros for at utkastet representerer ei forenkling og tydleggjering til dagens forskrift, som i tillegg til fylkesvise bygdeutviklingsmidlar gjennom Innovasjon Noreg også omfattar sentrale bygdeutviklingsmidlar og tilretteleggingsmidlar gjennom fylkesmannen.

Dagens forskrift inneheld bestemmelsar om at det kan innvilgast støtte til andre tiltak enn etablererstipend, bedriftsutvikling, investeringar og generasjonsskifte i tråd med regionale strategiar og formålet til forskriften. Forslaget til ny forskrift er uttømmende og avgrensande i forhold til dagens regelverk, og representerer såleis ei innskrenking i verkeområde og regional handlefridom. Vidare synest den vera svært innretta mot investeringar og bedriftsutvikling på *enkeltbruk* eller i det *enkelt* foretaket.

Sidan sentrale BU-midlar gjennom Innovasjon Noreg vert avvikla frå 2015, er det eit auka behov for å kunna fange opp gode fellesskapsprosjekt med klare bedriftsøkonomiske mål for deltakarane. Fleire slike prosjekt og satsingar er med felles finansiering i den regionale partnerskapen. Det kan dreie seg om alt frå felles satsingar innan produksjonar med marknadspotensiale som t.d. frukt og bær til kompetanseprosjekt som Fram Agro, eller at Innovasjon Noreg kan gå inn med mindre støtte for å fasilitere gode planleggingsprosessar i store og krevande investeringsprosjekt.

Sjå nærare under merknader til § 3. Andre tiltak

§ 2. Krav om at ein må vera registrert som foretak for å søkje.

Med dette forstår ein at det er foretaket og ikkje personen som skal stå som søker.

Innovasjon Noreg har same praksis som andre bankar at lån (og for Innovasjon Noregs vedkommande også tilskott og rentestøtte) til investeringar på landbrukseigedommar vert registrert på person-

nummer. Bakgrunnen for dette er at det er *personen* og ikkje foretaket som eig og er heimelshavar til eigedommen.

Krav om foretak vil også kunna vere kompliserande for søkjarar til *tidleg fase* av etablerertilskott, der formålet er å undersøkje om det er potensial for ei bedriftsetablering eller ikkje. Det vil såleis vera ei forenkling for søkjarar ikkje å måtte registrere foretak for å vera søkegod. Ein ser ikkje trong for at det skal vera same krav til foretak for denne ordninga som dei rettighetsbaserte ordningane knytta til drift (produksjonstilskott), då det er ikkje krav om å drive landbruksproduksjon og motta produksjonstilskott for å kunne søke støtte til bygdenæringar.

Tilråing

Innovasjon Noreg rår til at kravet om foretak vert stroke.

§ 3, pkt 2. Bedriftsutvikling

Bedriftsutvikling gjeld i dag berre bygdenæringar. Dersom ein legg til grunn at dette punktet framleis berre gjeld «virksomhet innen landbruksbaserte bygdenæringar», så bør det også tydeleggjerast i ordlyden på same måten som i § 3 pkt 1, evt. at formuleringar i pkt 1 og 2 vert harmonisert på andre måtar.

§ 3, pkt 3. Investeringar i produksjonsanlegg

Innovasjon Noreg legg til grunn at støtte til konvensjonell fruktdyrking kan støttast med inntil 33 % tilsvarande som for økologisk fruktdyrking i § 3.5. Dette fordi tidlegare særskilt ordning på dette området er inkludert i BU-midlane, og det mange stader er betydelege konvensjonelle fruktsatsingar som er naudsynte for å nå ambisjonar om auka norsk produksjon.

Gjennom trebasert innovasjonsprgram har det vore eiga satsing på landbruksbygg i tre. Dette prosjektet er no avslutta, og for å stimulere til auka bruk av tre foreslår ein det vert gjeve høve til løyve eit tilskott avgrensa til eit visst beløp eller ekstra % sats utover gjeldande % sats dersom tre er hovedmateriale i konstruksjonar og vegger.

§ 3, pkt 6. At det ikkje kan gjevast tilskott til tiltak som er påbyrja før søknaden er avgjort

I nye EØS-reglar er det understreka at prosjekt ikkje skal vera påbegynt før søknad er *sendt*. Sjølv om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket ikkje er meldt eller notifisert til ESA, så kan ein vanskeleg sjå kvifor midlane skulle vera undergitt strengare regelverk. Felles regelverk på dette området representerer ei harmonisering og forenkling.

Tilråing

Innovasjon Noreg rår til at tidspunktet vert endra til «søknad er sendt».

§ 3. Andre tiltak

Sjå kommentarar innleiingsvis om at forslaget representerer ei innskrenking i den regionale handlefridomen, høvet til å støtte opp under regionale mobiliserings- og utviklingsprosjekt og høvet til å kunna fasilitere gode planleggingsprosessar knytta til både det *forretningsmessige* og det *bygningmessige/imek*. Gode planleggingsprosessar vert stadig viktigare jo større investeringsprosjekta vert.

Tilråing

Innovasjon Noreg tilrår at verkeområdet vert utvida for å kunne fange opp t.d. felles satsingar for produksjonar med marknadspotensial og kompetansesatsingar, samt fasilitere gode planleggingsprosessar for store investeringsprosjekt.

Vidare må Innovasjon Norge gjennom *oppdragsbrev* få høve til å finansiere t.d. fylkesvise bu-prisar og utgreiingar/evalueringar som er relevant for ordninga.

§ 4. Søknad og utbetaling

Kommunens rolle bør synleggjerast ved henvisning til «Forskrift om kommunenes saksbehandling vedrørende søknader om finansiering av landbruk og bygdeutvikling gjennom Innovasjon Norge og fylkesmannen».

Det er også trong for å tydeleggjere kommunens rolle. Innovasjon Noreg opplever stadig at kommunar ikkje er kjent med det.

§ 5. Klage

Innovasjon Noreg har tidlegare tatt til orde for at klageordninga vert avvika. Bakgrunnen for dette er mellom anna ressursbruk og at så godt som ingen får medhald i klagenemnda; i 2014 har ingen klagar fått medhald, i perioden 2010 -2013 fekk berre 4 av 120 klager medhald.

I dag fungerer ordninga nærast som ein «meningslaus omkamp» der klagar heilt unntaksvis kjem med nye opplysningar/nye argument eller initiativ til å justere prosjekt i tråd med grunngjeving for vedtaket. Også klagenemnda sjølv har reist spørsmål ved rasjonalet for klageordninga.

Sjølv om talet på klagesaker har gått ned dei siste åra, så representer dei likevel ein betydeleg ressursbruk gjennom handsaming i regionale styre og klagenemnd. Ressursar som ville kunna blitt brukt mykje betre i t.d. oppfølging av dei stadig større prosjekta Innovasjon Norge deltek i finansieringa av. Vi viser også til oppsummering frå administrerande direktør under halvårsmøtet 19. november med bakgrunn i unisone tilbakemeldingar frå leiarar og kundeansvarlege ved distriktskontora.


Søklarar til ordningar frå andre oppdragsgjevarar får søknader vurdert på ny dersom det vert lagt fram nye opplysningar. Innovasjon Noreg meiner at det same også bør gjelde også for søklarar til denne ordninga, noko som vil gjere klageordninga overflødig.

Avvikling av klageordninga representerer ei betydeleg forenkling, jfr også forenklingsinnspel til oppdragsbrev 2013. Ingen ordningar frå andre oppdragsgjevarar har klageordning.

Tilråing

Innovasjon Noreg rår til at klageordninga vert oppheva.

Med venleg helsing
for Innovasjon Noreg



Inger Solberg
Direktør landbruk og marin



Kjell Bruvoll
Sektoransvarleg landbruk